

Ordskifte

TILRÅDD LENGDE: 3500 TEIKN INKL. MELLOMROM
ordskifte@dagogtid.no (Me godtek innlegg både på nynorsk og bokmål.)

«Akademiets oppgave må være langsiktig å fremme en faglig velfundert og saklig offentlig debatt.»

Klimaet trenger mer realisme og mindre symbolpolitikk

KLIMA
NILS ROLL-HANSEN
OSLO

Journalist Per Anders Todal beklager seg over at «Vitenskapsakademiet teier om klima» (Dag og Tid, 2. februar). Han får støtte av professor i biologi Dag Hessen som sier at «Akademiet har nok pondus til at det ville bli lagt merke til.» De to kritiserer Det Norske Videnskaps-Akademi for slapp holdning i den livlige klimadebatten under opptakten til det mislykte klima-toppmøtet i København i 2009. Hvorfor kom det ikke med en klar og sterk erklæring om truende menneskeskapt global oppvarming og appell om rask handling? Verdens mest fremtredende vitenskapsakademier gjorde jo det. Hvorfor ikke det norske? Todal antyder at Norges og Akademiets avhengighet av oljeindustrien var en viktig årsak.

Jeg var leder for Akademiets klimautvalg og kan bare si at dette ikke er riktig. Det som spilte en rolle, var respekt for avvikende vitenskapelige oppfatninger. Etter IPCCs fjerde klimarapport i 2007 oppstod et offentlig debattklima hvor selv en nøktern faglig kritiker av flertallets oppfatninger risikerte å bli skjelt ut som «klimabølle» og «klimafornekter». Jeg så det som viktig å opprettholde en saklig og vitenskapelig velfundert debatt med åpenhet for avvikende meninger så sant de hadde et rimelig faglig grunnlag. En rekke ressurssterke vitenskapsakademier kom med sterke uttalelser bygget på egen grundig faglig gjennomgang av spørsmålene. Det Norske Videnskaps-Akademi kunne ikke bidra med noe vesentlig nytt.

I en slik situasjon var det etter min vurdering lite grunn til at Akademiet skulle vedta en sterk politisk erklæring. Det var viktigere å legge til rette for saklig og åpen tverrfaglig debatt og opplysning om klimaproblemene. Og jeg tror de fleste medlemmene i Akademiets klimautvalg var nokså enige i den linjen.

I tilbakeblikk har Viten-

skapsakademiet ingen grunn til å skamme seg. FNs klimarapport i 2007 viste bred og klar enighet om den naturvitenskapelige siden. Helt annerledes var det på den samfunnsvitenskapelige siden. Her var det stor uklarhet og uenighet om sosiale mekanismer og hva slags politiske inngrep som var mulige og ønskelige. Det var lite realistisk å vente at den naturvitenskapelige kunnskapen om global oppvarming skulle kunne tvinge frem politisk enighet når det ikke forelå gjennomtenkte og klare forslag til en effektiv og bredt akseptabel politikk til å hindre oppvarmingen.

Norge gjør en stor og verdifull innsats i naturvitenskapelig klimaforskning. En innsats som har godt grunnlag både i en lang forskningstradisjon på feltet og i vår geografiske plassering. Men det er grunn til en viss beskjedenhet når det gjelder Norges muligheter for å bidra effektivt til utvikling av ny teknologi, f.eks. for fornybare energikilder. Når det gjelder den kilden som synes viktigst for de nærmeste årtiene, solenergien, har Norge lite av konkurransemessige fortrinn.

Jeg er enig med Todal og Hessen i at Det Norske Videnskaps-Akademi bør gjøre en mer aktiv innsats i klimadebatten i årene fremover. Men oppgaven kan ikke være å utstede sterke erklæringer i en hissig og partipolitisk preget aktuell debatt. Akademiets oppgave må være langsiktig å fremme en faglig velfundert og saklig offentlig debatt. Ved å forklare og tilrettelegge en rimelig tolkning av den vitenskapelige innsikt og kunnskap som faktisk foreligger. For tiden er det som sagt innen samfunnsvitenskap og humaniora at det er størst behov for en slik oppklarende pre-politisk innsats. Og i dette arbeidet kunne Akademiet ha god nytte av samarbeid med velinformerte og innsiktsfulle journalister.

Nils Roll-Hansen er professor emeritus i vitenskapshistorie og -filosofi ved Universitetet i Oslo.



Ukløkt og uvitskapleg frå Vitskap-akademiet

KLIMA
PETER M. HAUGAN OG
HELGE DRANGE
BERGEN

I innlegg i Dag og Tid 13. desember i fjor peika vi på at Det Norske Videnskaps-Akademi (DNVA), i motsetnad til liknande institusjonar i ei rekkje land, ikkje har evna å koma fram til ei samlande utsegn om klimautfordringa. Tvert imot er dei aktive i å fremja forskning som forlengjer fossilalderen. Dette, saman med manglande satsing på ei ikkje-fossil framtid, syner at klimautfordringa ikkje blir teken på alvor. I intervju i Dag og Tid 08. februar seier preses i akademiet Nils Christian Stenseth seg stolt over at akademiet ikkje har kome med ei klimaerklæring. Ifølgje Stenseth er dette naturleg for eit fagleg akademi som ikkje bør leggje seg opp i politikk.

Ein veit ikkje om ein skal le eller gråte. Ut frå det vi no veit om klima og som er oppsummert i ei rekkje internasjonale rapportar, er det eit mykje sterkare politisk signal at DNVA vel å ikkje lage ei klimaerklæring, enn det motsette. Med utydelege utsegner frå Stenseth om at mennesket spelar ei rolle, men at det òg er andre prosessar som påverkar klimaet, og at fossil-finansiert forskning er uproblematisk, har

DNVA markert seg som ein særstyddeleg politisk aktør. Summen av ord og gjerningar kan vanskeleg forståast annleis enn at dei har konkludert med at klima ikkje er av dei utfordringane ein treng å fokusera på.

Korleis kan ein institusjon med så mange dugande og akta fagpersonar frå ei rekkje disiplinar hamna i ei slik vitskapsteoretisk grøft at dei insisterer på å trekkje eit skarpt skilje mellom forskning og politikk? Professor Anders Elverhøi ved Universitetet i Oslo, medlem av DNVA og styreleiar for det Statoil-finansierte VISTA-programmet, uttalte hausten 2012 at dei dreiv med verdinøytral forskning. Dette var som svar til kritikk frå Studentparlamentet ved Universitetet i Oslo mot petroleumsforskinga der. Ei stund trudde vi kanskje at Elverhøi var ei einsleg svale som hadde tatt eit steg for mykje i ein oppheita debatt. No undrar vi på kva som er gjengs standard for vitskapsteoretisk refleksjon i hovudstaden. Gode døme på verdinøytral og upolitisk forskning skal ein leite lenge etter kor ein finn seg. Vi er alle del av eit samfunn og treng å vere medveten om dette slik at vi i det minste rettar kritisk lys på vår eiga rolle.

I VISTA-programmet som er omtala på DNVA sin nettstad kan

ein lese at det skal gje ny kunnskap og konkurransemessige føremoner både innan eksisterande og nye forretningsgreiner for Statoil. Ein vil oppretthalda produksjonsnivået, redusere økonomisk risiko ved leiting etter meir petroleum, finne nye ressursar, få ut meir olje og gass og produsera raskare. Gjennomførte prosjekt er ganske konkret retta inn mot ulike ledd i verdikjeda til Statoil. Leiinga i DNVA argumenterer med at VISTA-programmet er fri grunnforskning som kan kome til nytte i ei rekkje samanhengar. Sanninga ser ut til å vere at ein driv målretta forskning for å fremja petroleumsindustrien.

Akademiet står fram med eit vitskapsteoretisk refleksjonsnivå som ikkje høyrer heime i vår tid. Det var sikkert greitt av akademiet å leia VISTA-programmet i 1985. Kanskje var programmet då tematisk breiare og med større preg av grunnforskning. Men er det greitt å leia programmet no med den profilen det har og ut frå det vi veit om klimaet?

I Dagens Næringsliv 26. november 2013 skriv preses i akademiet at det er ei plikt å forska på olje så lenge det er oljeindustri i Noreg. Vi vil meina at eit Akademi med fossil forskingsfokus er eit særst lite framsynt Akademi.